



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
15.09.2014

DYKKAR DATO
15.08.2014

VÅR SAKSHANDSAMAR
Edvard Klette tlf 958 14 771

VÅR REFERANSE
2014/78042 165208/2014

DYKKAR REFERANSE
Prosjektleiar Ronny Landaas

1

Malthus
Litleåsveien 53
5132 NYBORG



VEDTAK OM SAMTYKKE TIL OMSØKTE PLANAR, JF. ARBEIDSMILJØLOVA § 18-9 (1)

**Vi viser til søknad datert 15.08.14 om samtykke til planar for ventilasjonsanlegg i samband med oppføring av mellombels skulebygg i 2 plan knytt til Voss Jordbruksskule i Skulestadmo i Voss kommune, gnr. 54, bnr. 5.
Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1).**

Det omsøkte tiltaket er knytt til mellombals undervisningsrom m.m. for Voss Jordbruksskule i 2,5 år, jf. opplysning i søknad om samtykke datert 20.06.14.
Tiltaket er ein del av Hordaland Fylkeskommune sine planar i samband med oppføring av Nye Voss vidaregåande skule på deler av arealet til noverande Voss Jordbruksskule.

Vidare viser vi til e-post datert 15.08.14 der vi bad om å få tilsendt ventilasjonsteikningar.

Vi mottok tilleggsdokumentasjon/ventilasjonsteikningar den 15.09.14.

Følgjande dokument er motteke:

- Søknad om samtykke med opplysningsskjema, jf. sjekklister i tinging nr. 444 «Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen», ymse anna informasjon og dokumentasjon og planteikningar.

Vi beheld dokumenta.

Arbeidstilsynet si vurdering

Det er gjort greie for tiltaket i søknadsdokumentet difor vert det ikkje knytt vilkår til samtykket.

Vedtak om samtykke

Med bakgrunn i opplysningar i søknaden og med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 (1) gjev vi samtykke til planane.

Samtykke vert gjeve på bakgrunn av opplysningar og planar som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykke er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen.

At vi gjev samtykke til planane betyr ikkje at Arbeidstilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er teke i vare. Det er tiltakshavar/arbeidsgjevar som har ansvaret for at lov og forskrift vert halde og at arbeidsmiljøet i arbeidslokala til ei kvar tid er tilfredsstillande.



001000007167

2 - 2 - 263385



Vi ber om at det vert vist til vår referanse 2014/78042 ved seinare kontakt eller korrespondanse i denne saka.

For ordens skuld vil vi opplysa om at kommunen ikkje har høve til å gje løyve til igangsetjing av tiltaket før Arbeidstilsynet har gjeve samtykke til planane, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Høve til å klaga

Partane kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet, jf. forvaltningslova § 28.

Fristen for å klage er tre veker frå dette brevet er motteke, jf. § 29. For nærare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å få sjå saksdokumenta, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

For meir informasjon

De kan finne meir opplysningar om arbeidsmiljø og aktuelle reglar på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no eller vi kan kontaktast på telefon 815 48 222.

For Arbeidstilsynet Vestlandet

Marita Scott
tilsynsleiar
(sign.)

Edvard Klette
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hovudverneombod Magne Knapstad, Voss
Jordbruksskule

5710 SKULESTADMO

Leigetakar, Hordaland Fylkeskommune
Eigedomsseksjonen

Postboks 7910 5020 BERGEN

Voss kommune, Kommunalavdeling for tekniske
tenester/byggesak

Postboks 145 5701 VOSS

Returadresse
Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim

7

Leigetakar, Hordaland Fylkeskommune
Eigedomsseksjonen
Postboks 7910
5020 BERGEN



000000007153